



## GAULAR KOMMUNE

**Arkiv:** FE - 231  
**Saksmappe:** 18/1839  
**JournalpostID:** 18/12117  
**Sakshandsamar:** Gro Bjørvik  
**Dato:** 06.11.2018

### Saksframlegg

Saknr. utval	Utval	Møtedato
040/18	Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne	19.11.2018
039/18	Utval for Helse og Omsorg	21.11.2018
060/18	Utval for Næring og Teknisk	22.11.2018
057/18	Utval for Oppvekst og Kultur	15.11.2018
119/18	Formannskapet	27.11.2018
	Kommunestyret	
016/18	Administrasjonsutvalet	27.11.2018

## Prisliste 2019

### Rådmannen si tilråding:

1) Prisliste for Gaular kommune vert vedteken slik den ligg føre, og vert gjeldande frå 01.01.2019.

2) Kommunestyret godkjenner Sunnfjord Miljøverk IKS sitt framlegg til gebyrforskrift med nye satsar for slam og renovasjon gjeldande frå 01.01.2019.

### 15.11.2018 Utval for Oppvekst og Kultur

#### Handsaming:

Utvalet kom fram til følgjande tilleggspunkt under punkt 1:

Sidan statsbudsjettet ikkje er vedteke, legg OKU seg på makspris for heil barnehageplass vedteke i statsbudsjettet.

I framlegg til statsbudsjetter er makspris: kr 2 990 frå 01.01.2019 og auker til kr 3 040 frå 01.08.2019.

Samrøystes

### OKU-057/18 Vedtak:

#### Rådmannen si tilråding:

1) Prisliste for Gaular kommune vert vedteken slik den ligg føre, og vert gjeldande frå 01.01.2019.

Siden statsbudsjettet ikkje er vedteke, legg OKU seg på makspris for heil barnehageplass vedteke i statsbudsjettet. I framlegg til statsbudsjetter er makspris: kr 2 990 frå 01.01.2019 og auker til kr 3 040 frå 01.08.2019.

2) Kommunestyret godkjenner Sunnfjord Miljøverk IKS sitt framlegg til gebyrforskrift med nye satsar for slam og renovasjon gjeldande frå 01.01.2019.

## **19.11.2018 Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Handsaming:**

Kommunalsjef helse og omsorg Kjell Idar Dvergsdal orienterte om prislista og svara på spørsmål om det som gjeld helse og omsorg.

### **REF-040/18 Vedtak:**

1) Prisliste for Gaular kommune vert vedteken slik den ligg føre, og vert gjeldande frå 01.01.2019.

2) Kommunestyret godkjenner Sunnfjord Miljøverk IKS sitt framlegg til gebyrforskrift med nye satsar for slam og renovasjon gjeldande frå 01.01.2019.

Samrøystes godkjend.

## **21.11.2018 Utval for Helse og Omsorg**

### **Handsaming:**

Kommunalsjef helse og omsorg Kjell Idar Dvergsdal orienterte om prislista og svara på spørsmål på det som gjeld helse og omsorg.

### **HOM-039/18 Vedtak:**

1) Prisliste for Gaular kommune vert vedteken slik den ligg føre, og vert gjeldande frå 01.01.2019.

2) Kommunestyret godkjenner Sunnfjord Miljøverk IKS sitt framlegg til gebyrforskrift med nye satsar for slam og renovasjon gjeldande frå 01.01.2019.

Samrøystes godkjend.

## 22.11.2018 Utval for Næring og Teknisk

### Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes å støtte rådmannen si tilråding til vedtak.

### NTE-060/18 Vedtak:

Utvalet for næring og teknisk tilrår rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1) Prislister for Gaular kommune vert vedteken slik den ligg føre, og vert gjeldande frå 01.01.2019.
- 2) Kommunestyret godkjenner Sunnfjord Miljøverk IKS sitt framlegg til gebyrforskrift med nye satsar for slam og renovasjon gjeldande frå 01.01.2019.

## 27.11.2018 Formannskapet

### Handsaming:

Anne Lilleassen fremja tilleggsframlegget til OKU:

Sidan statsbudsjettet ikkje er vedteke, legg ein seg på makspris for heil barnehageplass vedteke i statsbudsjettet.

I framlegg til statsbudsjettet er makspris: kr 2 990 frå 01.01.2019 og auker til kr 3 040 frå 01.08.2019.

### Røysting:

Ordføraren tilrårde å først røyste over tilleggsframlegget til OKU og deretter Rådmannen si tilråding. Formannskapet slutta seg til dette.

Tilleggsframlegget til OKU: Samrøystes vedteke.

Rådmannen si tilråding med tillegget frå OKU vart samrøystes vedteke.

### FS-119/18 Vedtak:

- 1) Prislister for Gaular kommune vert vedteken slik den ligg føre, og vert gjeldande frå 01.01.2019.
- 2) Kommunestyret godkjenner Sunnfjord Miljøverk IKS sitt framlegg til gebyrforskrift med nye satsar for slam og renovasjon gjeldande frå 01.01.2019.
- 3) Sidan statsbudsjettet ikkje er vedteke, legg ein seg på makspris for heil barnehageplass vedteke i statsbudsjettet.  
I framlegg til statsbudsjettet er makspris: kr 2 990 frå 01.01.2019 og auker til kr 3 040 frå 01.08.2019.

### Vedlegg i saka:

05.11.2018	Notat - gebyrregulativ 2019 - ansvar 600 VAR og 601 næring og teknisk	167802
05.11.2018	Sjølvkost vatn avløp feiing 2015-2024	167803
05.11.2018	Gebyrforskrift renovasjon og slam gjeldande frå 1. januar 2019 (L)(255674)	167805
05.11.2018	Protokoll representantskapet budsjettmøte 19 okt 2018 (L)(255675)	167806

**Saksutgreiing:**

Ein legg kvart år i høve handsaming av årsbudsjett og økonomiplan fram forslag til betalingssatsar.

**Følgjande endringar er gjort i høve 2018:****Slamtøming og renovasjon**

- Normalgebyr for renovasjon vert auka med 23 %
- Normalgebyr for slamtøming vert auka med 41 %

Gebyr for slamtøming og renovasjon er fastsett og revidert av Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM). Det er såleis SUM som har ansvaret for å rekne ut gebyra etter sjølvkostprinsippet. Grunnlaget for auka i gebyra går fram av saka frå representantanskapet i SUM.

**Plansaker, byggesaker mv.**

- Generelt ingen endring i normalgebyr.

Forskrift om gebyr for handsaming av saker etter plan- og bygningslova, eigarseksjonslova, matrikkellova, ureiningslova, jordlova, konsesjonslova, viltlova og tilhøyrande forskrifter vart vedteken i kommunestyret 06.11.2014 og iverksett 01.01.2015. Forskrifta har fungert bra så langt.

Gebyrsatsane vert fastsett av kommunestyret i tilknytning til handsaming av budsjett på slutten av året. Det er ikkje innført sjølvkostprinsipp for desse gebyrområda og gebyrinntektene har over mange år vore vesentleg lågare enn utgiftene med tenestene.

Arbeidet med samordning av gebyrgrunnlaget for dei 4 kommunane fram mot samanslåing i 2020 er i gang, men det vert berre gjort mindre justeringar i gebyrregulativet for 2019 for Gaular kommune. Nokre satsar for spesielle bygg eller saker er justert for å harmonisere meir med dei tre andre kommunane. Gebyrområda for ulike forureiningssaker er presisert og satsane har fått mindre justeringar.

**Vatn, avløp og feiing**

- Normalgebyr for vatn og feiing vert ikkje endra
- Normalgebyr for avløp vert auka med 4,3 %

Sjølvkostfonda for vatn, avløp og feiing vert styrt til å gå i null 01.01.2020.

Forskrift om vass- og avløpsgebyr vart vedteken av kommunestyret 16.12.2014 og iverksett 01.01.2015. Gebyrsatsane vert fastsett av kommunestyret i tilknytning til handsaming av budsjett på slutten av året, ut i frå prinsippet om 100 % sjølvkostdekning. Forskrifta har fungert bra så langt.

Arbeidet med samordning av gebyrgrunnlaget for dei 4 kommunane fram mot samanslåing i 2020 er i gang, men det vert berre gjort mindre justeringar i regulativet for 2019 for Gaular kommune.

**SFO**

Prisane for SFO har auka med 2,8 %.

## Barnehage

Gjeldande frå 01.01.2019.

Prisane for barnehage har ein auke på 80 kroner for full plass.

60 % plass har ein auke på 58 kroner

80 % plass har ein auke på 72 kroner

Desse satsane vil vere gjeldande frå 01.01.2019.

Prisen for full plass i barnehagen vil vere 3 040 kroner.

60 % plass vil ha ein pris på 2 209 kroner.

80 % plass vil ha ein pris på 2 740 kroner.

## Helse og sosial tenester:

### Prisliste eigenbetaling for helse- og omsorgstenester frå 01.01.2019:

#### Eigenbetaling for heimehjelp:

Inntekt	Timesats inntil 7 timar besøk pr. mnd.	Abonnement > 7 timar besøk pr. mnd.
Inntil 2G	140	205 (statleg makstakst *)
2G – 3G	250	2 500
3G – 4G	260	2 600
4G – 5G	270	2 700
Over 5G	290	2 900

\*) Statleg fastsett makstakst inntil 2 G, rundskriv om endring frå 01.01.2019 kjem i desember 2018.

#### Eigenandel kommunal transport til Dagsenter for arbeid og aktivitet på Skilbrei gard og Hestegarden (satsen kan evt. også brukast i andre Innpåtunet tiltak):

Kommunal fastsett sats	50,- pr. dag.
------------------------	---------------

#### Matombringning:

Middag vert køyrt ut med eigen transport. Transport er inkludert i prisen.

Kjøp av frukost (gjeld for heimebuande / brukarar i omsorgsbustad).

Kjøp av kveldsmat (gjeld for heimebuande / brukarar i omsorgsbustad).

Frukost og kveldsmat vert ikkje transportert ut, men vert servert i kantina ved Randastova,

eventuelt kan det bingast ut til omsorgsbustadane.

Middag ½ porsjon	76,-
Middag 1/1 porsjon	97,-
Middag 1 ½ porsjon	119,-

Kjøp av frukost	50,-
Kjøp av kaffimat	50,-
Kjøp av kveldsmat	50,-

**Kjøp eller leige av andre kommunale tenester:**

Leige av tryggleiksalarm	267,- pr mnd.
Alarm / ringesnor i omsorgsbustad	Eigenandel kr 136,- pr. mnd.

Vask av tøy (gjeld for heimebuande og brukarar i omsorgsbustad)	82,- pr kg.
Påsynging av tøymerke på klede for pasientar på sjukeheimen	26,- pr. plagg.

**Brukarbetaling for langtidsopphald, korttids- og dagopphald (statlege fastsette satsar gjeld, kan bli endra):**

Langtidsopphald	Vederlag vert utrekna etter inntekt (Forskrift).
Frådrag for ufrivillig opphald på dobbeltrom	39 300 *)
Fribeløp ved langtidsopphald	8 200,- pr. år *)
Korttidsopphald på sjukeheimen	160,- pr. døgn *)
Dag / natt opphald på sjukeheimen	80,- pr. dag / natt *)

\*) Statleg fastsett takst, rundskriv om endring frå 01.01.2019 kjem i desember 2018.

**Brukarbetaling for legetenester og fysioterapi:**

Brukarbetaling for legetenester og fysioterapi er det statlege satsar som gjeld.

**Husleige/brukarbetaling i omsorgs- og trygdebustadane:**

Husleige/brukarbetaling i omsorgsbustadane og bustader til vanskelegstilte, her inkl. flyktningebustadar vert auka med 2,8%.

Husleige trygdebustader i Skagekleiva vert auka med 2,8%.

Eigedomsskatt er uendra sats på.

Atle Fasteland  
rådmann